

SAK 55/16 UTALE, FYLKESMANNEN SIN FRAMTIDIGE STRUKTUR

Saksopplysning

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt ut ein førebels rapport om utgreiing av fylkesmannens framtidige struktur som dei ber om innspel på, frist 14.oktober 2016. Utgreiing av fylkesmannen sin framtidige struktur må sjåast i samanheng med både kommunereforma og regionsreforma.

I Stortingsmelding nr. 14 om **Kommunereforma** står det slik i kap. 7.5 – Fylkesmannen og regional stat:

Departementet skal foreta en utredning av fylkesmannens framtidige struktur og størrelse. Med struktur menes geografisk inndeling og oppgavefordeling mellom embetene. Færre og større kommuner åpner for å vurdere hvor stort geografisk område og antall kommuner et fylkesmannsembete bør kunne håndtere.

I Stortingsmelding nr. 22 om **Regionreforma** står det slik i kap. 1.6 – Oppsummering: *Stortinget har vedtatt at det fortsatt skal være tre folkevalgte nivåer og har bedt om ein regionreform samtidig med kommunereformen. Med regionreformen vil regjeringen bygge videre på de roller, oppgaver og funksjoner fylkeskommunen har i dag, og utvikle de folkevalgte regionene i rollen som regional samfunnsutvikler. I denne meldingen foreslås endringer både i regional struktur og i regionenes virkemidler og oppgaver som regjeringen mener vil legge grunnlag for en tydeligere samfunnsutviklerrolle.*

Regjeringa har som mål at reformen skal legge til rette for en positiv samfunnsutvikling i alle deler av landet, basert på regionale fortrinn, forutsetninger og prioriteringer. Regionreformen skal legge til rette for samordnet oppgaveløsning, samordning av sektorer og prioriteringer, og for sektorovergrepene initiativer i regionene.

Det er regjeringens mål å gjennomføre kommunereformen og regionreformen samtidig, slik at både nye kommuner og nye folkevalgte regioner kan tre i kraft frå 1. januar 2020. Det tas sikte på å legge frem en samlet proposisjon om nye oppgaver og ansvar til nye folkevalgte regioner våren 2017, samtidig med forslag til ny regionstruktur.

Prosjektgruppa sitt mandat:

Å utrede ulike modeller for fylkesmannens struktur, avgrenset til geografisk inndeling av embetene. Siden utredningen foregår parallelt med kommune- og regionreformene, drøftes modellene blant annet i lys av ulike scenarier for kommune- og regionstruktur.

Den førebelse rapporten vil verta behandla vidare i haust, mellom anna i lys av innkomne innspel og resultat i dei parallelle prosessane så langt. Utgreiinga skal føreliggja før årsskiftet.

Prosjektgruppa som har utarbeida rapporten har gjort sine vurderingar i forhold til følgjande mål og prinsipp:

1. Gje tilstrekkeleg innbyggjargrunnlag for fagleg og økonomisk bærekraftige einingar
2. Ivareta geografisk funksjonalitet
3. Sikre god tilgjenge for kommunar og innbyggjarar
4. Styrke føresetnadene for samvirke og samordning i staten
5. Størst mulig grad av felles inndeling med folkevalt regionalt nivå.

I tillegg har dei vurdert Fylkesmannen si rolle som bindeledd, samordnar og rettssikkerheitsinstans og dei har gjort vurderingar knytt til kommunereform, regionreform, statlege sektorreformer og endring i statleg styring.

I rapporten er det skissert tre hovudmodellar for fylkesmannens framtidige struktur:

- **Konsolideringsmodellen** som inneber mindre endringar av dagens struktur (14 – 17)
- **Regionmodellen** som inneber et tal mellomstore embete (8 – 13, døme: Politidistrikt)

- **Landsdelsmodellen** som inneber et tal store embete på landsdelsnivå (4-7, dømme: Helseregionar)

Vurdering

Etter dagleg leiar sitt syn er ikkje dette ei sak med eit enkelt svar. Det synest og uklart kva som skal vera framtidige arbeidsoppgåver for fylkesmannen, dette er ikkje drøfta i rapporten.

Både landsdelsmodellen og regionmodellen vil gi færre fylkesmenn og dermed fylkesmannsembeter med ansvar for større geografiske område, fleire kommunar og innbyggjarar enn i dag. Avstanden vil på fleire måtar kunne auke og små kommunar kan få mindre fokus, dårlegare oppfølging og meir utfordrande i forhold til påverking. Konsolideringsmodellen er i rapporten skildra som eit tilnærma 0-alternativ, modellen endrar ikkje i vesentleg grad føresetnadane for fylkesmannen si verksemd slik dei er i dag. Konsolideringsmodellen vil i liten grad endre innbyggjargrunnlaget og dermed storleiken på kompetansmiljø.

Fylkesmannen si rolle som bindeledd mellom kommune og statlege etatar og departement må ikkje undervurderast, og krev at fylkesmannen har kjennskap til, kunnskap om og nærleik til kommunane. Det same gjeld for fylkesmannen som rettsikkerheitsinstans. Eit samordna embete møter kommunane si trong for å bli møtt heilskapleg, og varetek den måten som kommunen er nøydd til å arbeide – på tvers med oppgåveløysinga. Fylkesmannen har og mandat til å samordne regional stat og kunne sikre at regional stat kan opptre mest mogleg samla ut mot kommunane. Å organisera fylkesmannen i samsvar med konsolideringsmodellen er kanskje best eigna når det gjeld fylkesmannen si rolle som rettsikkerheitsinstans.

Rapporten framhevar at fysisk nærleik til embetet sine ulike målgrupper er viktig i eit tilgjengelegheitsperspektiv. Konsolideringsmodellen er den av dei tre modellane som i utgangspunktet best tek hand om nærleik og tilgjengelegheit. Det blir samtidig peika på at om lag ti nye folkevalde regionar kombinert med konsolideringsmodellen for fylkesmannen vil føre til ein aukande fragmentering mellom regionalt folkevald nivå og fylkesmannen, samanlikna med dagens situasjon. Fleire fylkesmenn innan same folkevalde region kan skapa utfordringar for samhandling med kommunar og folkevald regionalt nivå i ulike samanhengar. Ei anna inndeling enn dei folkevalde regionane vil ikkje samsvara med målet om betre samanfall mellom dei folkevalde regionane og regional stat.

Forslag til uttale

Saka blir lagt fram utan innstilling.

Ål 22.8.2016

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg

- 1 [Brev frå KMD - utgreiing av fylkesmannen sin framtidige struktur](#)
- 2 [Førebels rapport om utgreiing av fylkesmannen sin framtidige struktur](#)